

ÅRSPLAN

Vigra barnehage



Det er STORT å være liten i Vigra barnehage

Innhald

Innleiing	2
Visjon og verdiar	3
Organisering.....	4
Ny i barnehagen	6
Innhald og satsingsområde	7
Inkluderande praksis.....	8
Inkluderingsteam.....	9
Språkmiljø	9
Tema arbeid.....	11
Faste tradisjonar	13
Foreldresamarbeid.....	14
FORVENTINGAR	15
NB! Huskeliste	16

Innleiing

Velkommen til Vigra barnehage. Vi gleder oss til nok et barnehageår fylt med mange nye erfaringar for store og små. Vigra barnehage er ein kommunal barnehage som er eigd og driven av Giske kommune. Vi har totalt 55 barn fordelt på 3 avdelingar, Rota, Kvisten og Kongla. Barnehagen har totalt 12,7 årsverk inkludert styrar.

Barnehagelova §2 fastslår at med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalet for barnehagen fastsette ein årsplan for den pedagogiske verksemda. Årsplanen er eit viktig arbeidsdokument for personalet og skal dokumentere personalet sine val samt grunngjevingar for val av arbeidsmetodar. I årsplanen beskriv vi også nærmare det pedagogiske innhaldet, val av satsingsområde, samt litt praktisk informasjon om organiseringa. Årsplanen vert utarbeidd årleg.

Som ei forlenging av årsplanen har barnehagen utarbeida ein [pedagogisk plan](#) som vert revidert kvart tredje år. Den fungerer som ei «plattform» for arbeidet og vil beskrive dei overordna arbeidsmetodane, verdiane til barnehagen samt dei langsiktige planane. Gjennom disse to planane skal vi vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje formålet og innhaldet i rammeplanen og korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring.

Alle tilsette hjå oss har eit stort fokus på å bygge gode og trygge relasjonar til barna. Dei tilsette har fokus på at barna skal bli møtt med trygge rammer og omsorg. Barna skal oppleve glede og meistring og dei skal bli møtt med forståing og tolmod når noko er vanskeleg eller trist. Tilsette skal vere med på leiken, dei skal tørke tårer, gje omsorg, tryggheit og dei skal vere tydeleg i grensesetjing og dermed skape trygge rammer for barna. Barna skal gå heim med ein kjensle av at **«i dag var det bra eg kom»**.



Vi vil gjere vårt beste for å skape ein stadig betre barnehage for barn, foreldre og tilsette.

Visjon og verdiar

Vi har en visjon om at det i Vigra barnehage skal det vere «stort å vere liten». Dette betyr at barna skal møte tilsette som bryr seg. Dei skal bli møtt av tilsette som er opptekne av å byggje gode relasjoner til alle barn og vaksne som går inn og ut av porten vår. Tilsette som jobbar for at dei skal føle seg trygge i barnehagen og i seg sjølv. Barna skal møte tilsette som er opptatt av å legge til rette for at dei opplev meistring og utvikling kvar einaste dag, slik at dei kan bli den beste utgåva av **seg sjølv**.

Visjonen og verdigrunnlaget skal vere ei rettesnor for dei tilsette i det daglege arbeidet.

Arbeidet i Vigra barnehagen skal vere prega av verdiane **Respekt, Kvalitet, Engasjement og Løysingsvilje**.

Respekt ved at tilsette er imøtekommende, pålitelege og involverande.

Møtet med barn og foreldre skal vere prega av **kvalitet** gjennom klar kommunikasjon, kompetanse, læring og utvikling.

Vi skal vise **engasjement** gjennom meiningsfylte oppgåver for barn og personale, gjennom trivsel blant barn, tilsette og foreldre og gjennom arbeidsglede som er synleg.

Dei tilsette skal vise **løysingsvilje** ved heilskapleg tenking, handlekraft i alle situasjonar og kreativitet i arbeidet.

Organisering

Vigra barnehage er open frå 07.00-16.30. Vi er stengt romjul, påskeveka og 3 veker om sommaren, i tillegg har barnehagen 5 planleggingsdagar i løpet av barnehageåret. Nærmore informasjon kan ein finne i [barnehageruta på heimesida til Giske kommune](#).

Kjernetida i barnehagen er frå kl. 09.00-14.00, det vil si at avdelingane ofte startar opp med til dømes samling, felles aktivitetar eller påkledning til leik ute eller tur allereie kl. 9.00. Dersom du levere barnet etter kl. 9.00 må ein gje beskjed. **Dersom avdelinga har starta opp med ein aktivitet eller samling når dykk kjem er det ikkje alltid vaksne kan gå frå for å ta imot barnet, vi oppfordrar dykk til å komme inn på avdelinga å hjelpe barnet i gang.**

DAGSRYTME	
KL: 07.00	Barnehagen opnar
KL: 7.30- 8.30	Frukost og frileik – dersom barnet skal ete frukost i barnehagen må dei vere på plass seinast kl. 8.00. Vi avsluttar frukosten kl. 8.30
KL: 8.30-9.00	Frileik inne på avdelingane
KL: 9.00-10.45	Vi startar opp med aktivitetar; samling, kor, grupper, påkledning og liknande
KL:11.00-12.00	Formiddagsmat
KL: 12.00-14.00	Kvilestund, frileik på avdelingane eller ute
KL: 14.00-14.30	Mellommåltid
KL: 14.30-16.30	Leik eller felles aktivitet inne på avdelingane eller ute; Avdelingane samarbeider frå rund kl. 15.30 – 16.00
KL: 16.30	Barnehagen stenger

Målet vårt er at kvar dag skal vere ein god dag fylt av leik, læring, glede, undring og humor. Barnehagedagen er organisert slik at det er ei rytme som går igjen frå dag til dag. Dette for at dagane skal vere forutsigbare og gje barna tryggleik og oversikt. Dagsrytmen skal sjåast på som rettleiande, og skal danne struktur og rammer for arbeidet. Den kan endrast ut frå barna og dei tilsette sine ønsker og behov gjennom kvardagen.

Avdelingane lager vekeplanar og periodeskrev, her vil ein få betre oversikt over innhaldet på dei ulike avdelingane.

Minner om et dersom barnet kjem seint, skal ha ferie eller er sjuk så vil vi ha beskjed- dette gjer ein ved å legge inn fråvær på barnet i Transponder Meldingsbok.

Vigra barnehage har delt barnegruppa inn i tre avdelingar. **Rota** er småbarnsavdelinga vår med 15 barn i alderen 1-3 år. På **Kvisten og Kongla** har vi samla storbarna våre, her er det 20 barn på kvar avdeling i alderen 3-5 år. Vi har lagt vekt på å fordele personalressursen på best mogleg måte og jobbar for å legge til rette for relasjonsbygging, tryggleik, vennskap og leik. Vi har fokus på at barna skal bygge gode relasjonar både på sin egen avdeling men også på tvers av avdelingane. Dette gjer vi ved å:

- dele den store gruppa inn i mindre grupper deler av dagen
- har aldersdelte grupper ein gong i veka
- samarbeid på tvers morgen og ettermiddagen.

Dette gjer vi mellom anna for å skape ro i leiken og gje tilsette moglegheit til å vere tettare på barna. Ein dag i veka har vi aldersdeltegrupper, dei to storbarnsavdelingane blir da delt inn etter alder i kjernetida. Målet er å skape samhald og vennskap på tvers av avdelingane samt gje barna felles opplevelingar som kan styrke vennskap og leik. Det er faste vaksne som er knytt til kvar gruppe og det blir utarbeida eigne pedagogiske planer for dette arbeidet. Dei aldersdelte gruppene rullere på å vere på Kvisten og Kongla sine avdelingar eller på tur.

- Når gruppe er inne på Kvisten sin avdeling kjem dei til å ha kjøkkengrupper, bok kino og leik.
- Når gruppa er på Kongla kjem dei mellom anna til å dele inn i mindre leikegrupper, ha gruppdeling med spel, parstasjonar, gym aktivitetar, formingsaktivitetar og liknande.
- Når gruppa er ute går dei enten på ein tur i nærmiljøet eller har leik og fysisk aktivitetar på uteområdet.

Etter jul kjem dei eldste barna på Rota til å delta på 3-årsgruppa. Vi har god erfaring med dette og vi ser at det er med på å gjere overgangen frå småbarn til storbarn enklare for barna.

ROTA	KVISTEN	KONGLA
15 barn fødd 2022 og 2023	20 barn fødd 2019,2020 og 2021	20 barn fødd 2019,2020 og 2021
Pedagogisk leiar: Maria Skjøn Valderhaug og Elisabeth Istad Fagarbeidar og assistenter: Gunn Marit Iversen Monica Roald Linda Haahjem Inger Valderhaug	Pedagogisk leiar: Camilla Skjøn Valderhaug og Eirin Eikås Larsen (ansvar for førskulegruppa) Fagarbeidar og assistenter: Tove Gjendem Randi Sæther Martine Valderhaug Lærling: Erica Breivik	Pedagogisk leiar: Lina Ulla og Eirin Eikås Larsen (ansvar for førskulegruppa) Fagarbeidrar og assistenter: Cecilie Bakke Dyb Aleksandra Dyb Janne Slyngstad
TLF: 974 98 620	TLF: 975 04 340	TLF: 975 05 570
Spesialpedagog på huset: Janne Britt Vingen og Julie Sæther		
Einingsleiar/styrar: Sonja Roaldsand Skodje- Tlf. 417 02 315		

Ny i barnehagen

Oppstarten til nytt barnehageår er alltid spennande. Det er mange barn som skal starte opp med ein ny kvardag, ny avdeling, skape nye vennskap og bli kjende med nye vaksne. Sjølv om barna har gått i barnehagen før er det mykje nytt som skjer, da det er endringar på alle avdelingane med ein del nye barn og vaksne. Vi har stort fokus på at oppstarten i Vigra barnehage skal opplevast som trygg og god for alle, både barn og foreldre. *Minner om å bla litt i velkomstheftet som blei send ut ved oppstart. Her står det ein del nytig informasjon.*

Vi brukar den først tida i barnehagen på å tilpasse rutinar og dagen for alle barna. Vi legger til rette for at barna skal få god tid til å bli kjende på huset, skape gode relasjonar og knytte seg til personalet og dei andre barn.

Dette gjer vi ved å:

- Ha ei lang tilvenningstid der ikkje alle barna startar opp samtidig
- Leggje til rette for eit tett samarbeid mellom heim og barnehage, slik at tilvenninga skal vere så god som mogeleg
- Utforske barnehagen, både inne og ute i små grupper
- Skape gode rutinar og forutsigbare dagar i barnehagen
- Faste vaksne på mindre grupper
- Oppstartsamtale med nye foreldre
- La barna setje sitt preg på miljøet inne, mellom anna med sjølpørtrett, bursdagskalender og liknande.
- Setter felles rammer for avdeling i form av nokon «kjøreregler» som barna er med på å definere

Målet er at barna skal oppleve trivsel, tilhøyrsla og tryggleik i møte med barnehagen, vaksne og andre barn.

Innhald og satsingsområde

Rammeplanen for barnehagen sett føringar for formålet og innhaldet i barnehagen.

Barnehagen skal ivareta barnas behov for omsorg og leik. I tillegg skal barnehagen fremme danning, læring, vennskap og fellesskap samt kommunikasjon og språk, [Rammeplan for barnehagen \(udir.no\)](#). Viser til [pedagogisk plattform](#) der vi skriv meir om korleis barnehagen jobbar med dette.

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemeld som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemeld er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Barna skal oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre, og personalet skal gjennom det pedagogiske arbeidet sikre at barna får varierte erfaringar og utfordringar som bidreg både til leik og læring. Personalet legg til rette for at barna skal få erfaringar og opplevelingar innafor sju fagområde gjennom tverrfagleg og varierte tema arbeid, samt kvardagsaktivitetar. Fagområda skal bidra til å fremme trivsel, allsidig utvikling og helse. Alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen.

FAGOMRÅDE

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, bevegelse, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengde, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn



Inkluderande praksis


Vigra barnehage har saman med resten av oppvekstsektoren i Giske kommune hatt stort fokus på å skape ein meir inkluderande praksis. Mellom anna har vi jobba med å tilpasse læringsmiljøet til mangfaldet i gruppa og gje alle ei moglegheit til å delta i leik og aktivitetar.

Inkludering handlar om å tilpasse læringsmiljøet til mangfaldet blant barn og elever, og gi alle reell moglegheit til å delta i det faglege og sosiale fellesskapet. Et inkluderande læringsmiljø verdsatte mangfald, noko som ifølge forsking er ei nødvendig forutsetning for å skape et inkluderende læringsmiljø. I et inkluderande læringsmiljø har alle sin naturlege tilhørsle, og ingen blir definert som inkluderte.

Statped.

Inkluderande praksis i Vigra barnehage betyr at vi:

- Har fokus på gode og forutsigbare rutinar og struktur på dagen for alle barn
- Bruker visuell støtte og ASK for å skape oversikt og som støtte i kommunikasjon. Til dømes dagtavler, nøkkelenknippe og peikeplansjar
- Har fast inkluderingsteam i barnehagen – jobbe både systemretta og individretta
- Bruker tid på avdelingsmøter til å tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet - fokus på individuell tilpassing innafor det ordinære tilbodet
- Bruker tid på diverse møter til relevant kompetanseheving blant personalet; inkluderande praksis og språkmiljøet
- Legger til rette for utvikling av vennskap og felles opplevingar- arbeid i smågrupper, aldersdelte grupper og på avdeling (sjå pedagogisk plattform)
- Inviterer barna til å utforme normer for samhandlinga på avdelinga
- Har på oss «inkluderingsbriller» i alt planarbeid og i kvardagen
- Legger til rette for felles leikar ute leiken
- Har fokus på språk og kommunikasjon gjennom omgrepsutvikling og faste språkgrupper (sjå pedagogisk plattform)
- Har fokus på å skape eit godt foreldresamarbeid



Inkluderingsteam

Inkluderingsteam blei oppretta i skulane og barnehagen som eit ledd i satsinga på inkluderande praksis. Dette teamet består av styrar, pedagogiske leiar, spesialpedagog knytt til barnehagen, helsejukepleiar, PPT og barnevern. Vi har møte ein gong i månaden. Dersom det her behov kan ein kalle inn andre instansar, skulen og liknande.

Tema for møta kan omhandle både utfordringar i det pedagogiske miljøet i barnehagen og enkeltbarn med behov for særleg oppfølging. Inkluderingsteam skal ha hovudfokus på pedagogiske problemstillingar, slik at flest mogleg barn får eit barnehagertilbod tilpassa sine behov og føresetnadar.

Dersom teamet jobbar med individretta sakar er dette alltid i samarbeid med føresette.

Målet er at flest mogleg barn skal få eit godt tilpassa allmennpedagogisk tilbod.

Teamet skal medverke til å styrke pedagogisk kompetanse hos dei tilsette, ta initiativ til førebyggande arbeid og drive rettleiing.

Språkmiljø

Som ein ledd i å skape ein inkluderande praksis skal barnehagen jobbe med å stryke språkmiljøet i barnehagen gjennom praktisk arbeid og kompetanseheving. Språk og kommunikasjon er grunnleggande for å utvikle sosial kompetanse, tilegne seg ny kunnskap og danne sosiale relasjoner. Dette arbeidet vil vare ut barnehageåret 2026.



Barnehagen skal jobbe systematisk med for å sikre tidleg innsats i språkutviklinga til barna mellom anna ved å:

- Bruk av song, rim og regler dagleg
- Ha tilgang til god barnelitteratur og lese til barna dagleg
- Bruke visuell støtte i alle aktivitetar og i kvardagen
- Ha faste språkgrupper ein gong i veka
- Ha nye fokusord kvar månad
- Oppdre som gode språkmodellar for barna; ved å sette ord på det ein gjer og det som barna er opptekne av samt å utvide ordforråd
- Fange opp barna som strevar med språket sitt tidleg og sette inn tiltak tidleg

Barnehagen skal auke kompetanse om språk og språkmiljø i barnehagen blant dei tilsette, mellom anna ved å:

- Samarbeid på tvers av barnehagane i kommunen om kompetanseheving
- Bruke personalmøter og andre møter til å lage gode og gjennomtenkte planer for ulike aktivitetar
- Reflektere over eigen praksis og språkmiljøet på avdelinga
- Bruke kommunal Språkplan i planleggingsarbeidet sitt
- Samarbeide med foreldre ved å ha fokus på å styrke språkutvikling



Tema arbeid

Barnehagen ligg flott til med eit rikt nærmiljø rundt seg, noko som er viktig for oss å nytte oss av. Rammeplanen legg føringar for at barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider.

Alle avdelingane kjem til å ha fokus på:

- Bruke naturen som arena for å skape gode haldningar
- Gje barne erfaringar og kunnskap om endringane som skjer i naturen gjennom året
- Gje barna erfaringar og kunnskap samt skape gode haldningar som bidrar til ein meir berekraftig utvikling.

TEMA ARBEID	
Når:	Tema og innhald:
August- september:	<p>Bli kjent: Vi bruker august og september til å bli kjent med kvarandre, den nye avdelinga, og nye rutinar</p> <p>Haust:</p> <ul style="list-style-type: none">• Plukke eple og plomme i nærmiljøet• Sjå etter haust teikn
September- november:	<p>Haust og Livet i havet: Få erfaring og kjennskap til tradisjonar langs kysten:</p> <ul style="list-style-type: none">• Fiske• Krabbeteiner• Tare <p>Få erfaring og kjennskap korleis vi kan ta vare på naturen rundt oss:</p> <p>Identitet og følelsar:</p> <ul style="list-style-type: none">• Dei eldste barna skal bruke opplegg frå Livet og sånn og ha fokus på ulike følelsar.• Identiteteskoffert og samlingar
Desember:	Jul og Juletradisjonar
Januar- mars:	<p>Vinter:</p> <ul style="list-style-type: none">• Eksperiment og leik med snø og is• Vinteraktivitetsdag• Sjå etter spor i snøen

	<p>Identitet og følelsar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dei eldste barna skal bruke opplegg frå Livet og sånn og ha fokus på ulike følelsar. • Identitetskoffert og samlingar
April:	<p>Påske og Påsketradisjonar</p> <p>Vår og nytt liv:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vårteik • Få erfaring og kjennskap til dei første blomane • Insekt og småkryp • Lage innsekthotell • Plante blomar som hjelper biene
Mai- juni:	<p>Vår/sommar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi held fram med tema arbeid frå våren; bli kjent med blomar, insekt og liknande. • Vi utforskar strendene og livet i havet om sommaren • Vi brukar nærmiljøet vårt – «frå strand til fjelltopp» <p>Mangfald: Ein barnehage for alle</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi brukar opplegg frå Livet og sånn

Meir utfyllande informasjon om tema finn ein i vekes oversikt og månadsbrev.



Faste tradisjonar

For å skape eit fellesskap og samhald på tvers av avdelingane har vi i barnehagen ein del tradisjonar og aktivitetar som vi har saman. Barnehagen arrangere mellom anna:

Hausttakkefest:

Vi ber foreldre og søsken på middag i barnehagen ved hentetid. Barna deltek i forarbeidet og lager både suppe og eplekake til dei som kjem på middag.

Juleførebuing:

I løpet av adventstida startar vi kvar måndag ved å ha felles adventsstund for heile barnehagen. Avdelingane har julekalender, det blir arrangert juleverkstad. SU og nokon tilsette i barnehagen samarbeider om å arrangere julefest for barn og foreldre på Mjølnner. Førskulegruppa har julebord, besøk i kyrkja og Lucia feiring.

Påskeførebuing:

Vi formidlar påskebodskapen, har fokus på tradisjonar knytt opp mot påske og besøk av påskeharen. Førskulegruppa brukar å besøke kyrkja der påskebodskapen blir formidla. Siste dag før påskeferie invitere barnehagen til påskefrukost til foreldre og søsken.

Det er mogleg å reservere seg frå besøk i kyrkja, både jul og påske, for dei som ynskjer det. Dei barna dette eventuelt gjeld vil ta del i det som skjer i barnehagen medan dei andre er i kyrkja.

Vinteraktivitetsdag:

Vi tek turen bort til Rota og lagar mellom anna skiløype, akekonkurranse, kaste snøball på blink m.m.

Karneval:

Siste dag før vinterferien arrangere vi karneval i barnehagen. Det blir mellom anna laga til diskos, arrangert felles samling med ulike aktivitetar, song og dans. Kanskje vi til og med får besøk av ein klovn eller ein forskar som kan vise oss ulike eksperiment.

Internasjonal veke:

Fokus på mangfold, identitet, ulike kulturar og nasjonalitetar. Vi brukar veka på å bli betre kjent med kvarandre og dei ulike nasjonalitetane som finnast i barnehagen. Barna og foreldre blir oppfordra til å delta ved vise frem og lære oss noko om deira kultur. Vi reiser på «tur» saman. Veka blir avslutta med måltid beståande av smakar frå ulike land.

17 mai-feiring:

Historia rundt grunnlova, flagget, songane og 17.mai-feiringa vert formilda på avdelingane. Vi øver oss på å gå i 17. mai-tog ved å ta ei runde rundt i lokalmiljøet med heile barnehagen. Barnehagen har eiga fane i 17. mai-toget. Foreldrerepresentantar frå SU har ansvar for denne.

Sommar OL i barnehagen:

Fokus på glede og fellesskap gjennom fysisk aktivitet. Ulike aktivitetar på tvers av avdelingane.

Foreldresamarbeid

Det er viktig for personalet å ha eit godt samarbeid med foreldra. Samarbeidet skal vere prega av tillit, respekt, tryggleik og god kommunikasjon. I tillegg til den daglege kontakta, legg vi opp til felles foreldremøte på hausten og to foreldresamtaler for alle i løpet av barnehageåret.

Foreldrerådet består av alle foreldre i barnehagen, og samarbeidsutvalet er det formelle organet som skal fremje felles interesser til foreldra og samtidig bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet består av tilsette i barnehagen, foreldre og representantar frå eigar. Det er eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ som skal mellom anna:

- Bidra i samarbeidet om barnehages innhald, til dømes årsplan og handlingsplanar
- Sikre at foreldre har ei reell påverking i barnehagen
- Komme med råd og innspel til kvardagen i barnehagen
- Vere med på å arrangere dugnader eller temakveldar i barnehagen
- Foreldrerepresentantane som er valt inn i samarbeidsutvalet er kontaktpersonar alle foreldre som dei kan vende seg til med saker dei vil ha belyst

Samarbeidsutvalet:

Foreldre: Ingrid Heggem Synes (leiar) og Miriam Godø

Vara: Marlene Dyb Valderhaug og Britt- Aina Kleivan-Roald

Personale: Maria Sjong Valderhaug og Inger Valderhaug

Vara: Camilla Skjøngh Valderhaug

Giske kommune: Randi Kleivan

Vara: Cecilie Skodje

FORVENTINGAR

Vi har stort fokus på å få til eit godt foreldresamarbeid i Vigra barnehage, forventingar som ligg til grunn for dette samarbeidet har blitt utarbeida av personalet og foreldre på foreldremøte.

Foreldre kan forvente dette av dei tilsette:

- At tilsette jobbar for at barna skal bli sett, føle seg trygge og ivaretatt og bli møtt med respekt
- At tilsette jobbar for å skape ein inkluderande praksis med fokus på å skape gode leike- og læringsarena for alle barn
- At tilsette jobbar for å skape ein god kommunikasjon mellom heim og barnehage
 - Sikre god informasjonsflyt ved å bruke Transponder meldingsbok
 - Ta opp ting ein lurer på undervegs med foreldre og ikkje venter til foreldresamtale; utfordringar, endringar og liknande.
- At barn blir tatt imot på ein god måte om morgon og at foreldre får informasjon om dagen ved hentetid
- At tilsette samarbeider med foreldre om grensetting
- At tilsette legg til rett for at barna skal vere mykje ute og at vi bruker tur området rundt barnehagen aktivt
- At tilsette tek utgangspunkt i helsedirektoratet og servere sunt og næringsrik mat til barna

Barnehagen forventar dette av foreldre:

- At foreldre medverkar til eit godt samarbeid og ein trygg diskusjonsarena
- At foreldre er gode rollemodellar og helsar på barn og vaksne ved levering og henting
- At foreldre møter opp på foreldremøte, foreldresamtaler og andre arrangement
- At foreldre tar ansvar for at barna har riktige, nok og funksjonelle klede i forhold til vær og årstid og at det er reint og tørt
- At foreldre respektere opningstider og fylgjer opp utarbeide regler og rutinar
- At foreldre les informasjon som blir sendt ut og bruker Transponder meldingsbok til å gjere beskjeder og melde fråvær
- At foreldre tek kontakt med personalet/styrer/SU dersom det er noko dei vil ta opp med oss

NB! Huskeliste

- ⇒ Kle barnet enkelt og praktisk til leik og aktivitet.
- ⇒ Pass på at barnet har nok skiftetøy i barnehagen, sjekk dette med jamne mellomrom.
- ⇒ Regntøy, utedress og støvlar må vere tilgjengeleg kvar dag – sjekk også om det passer til barnet (dei veks fort).
- ⇒ Klede skal merkast med namn.
- ⇒ Barna skal ikkje ha med eigne leike i barnehagen, utanom det er avtalt med personalet.
- ⇒ Gi beskjed innan kl. 9.00 om barnet ikkje kjem i barnehagen, eller kjem seinare.
- ⇒ Dersom barnet ikkje er friskt nok til å vere ute, og delta i leik og aktivitet, må det vere heime.
- ⇒ Trafikkfarlege situasjonar kan oppstå ved parkeringsplassen, vi vil at foreldre skal rygge inn på parkeringsplassen og skru av motoren ved henting.
- ⇒ Ved henting er det ikkje tillat for barn å gå ut porten aleine utan følgje av ein vaksen.
- ⇒ Den som leverer/hentar barnet, må ikkje gå før ein har vore i kontakt med ein av personalet.